

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 5.

Fylke: Nord-Trøndelag.

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Stjørdal.

Emne: Vannbøring.

Bygdelag: .

Oppskr. av: Bjarne Værnesbranden.

Gard: Værnesbranden.

(adresse): Hell p.o.

G.nr. 107. Br.nr. 104.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

## SVAR

Heimelsmenn:

Ivar N. Værnesbranden, 70 år, Værnesmoen, Stjørdal,  
målar og småbrukar.Gjertrud Elverbakk, 90 år, h.v. buedeie, Elvran,  
(Lånke).



## Vass-bering.

1. Det har vore vanleg her i Hjördal å bera heim vatn imed vassåke og to bøtter, og det er framleis nytta på plassar der dei ikkje har noko innlagt vatn. Her i bygda kallar ein det vass-grei (eit), også kalla vass-tre (eit) eller bær-tre (eit). Far fortel at det i gamle dagar vart brukt den typen som har uthola runding til halsen midt på vass-åket. Den andre typen utan runding vart og nytta, og den er framleis i bruk, ein held da den eine bøtta framaufor seg, og den andre bak seg. Her på garden brukte vi vass-åket kvar einaste dag heilt til i fjor sūmar (1946), då vi la inn springvatn. Den typen som er nemnt, med ei rime festa til bær endane av ei stong, veit ein ikkje av her. - Ejerstrud Elverbakk fortel at ho kan minnst å ha sett vassåke med vidjer og hekrokar i endene, men ho har ikkje brukt det sjølv. Det er elles nytta jarnlukjer med jarnkrokar. Noko namn på dei ymse delane har det ikkje trukkast å få greie på. Tids-punktet da det vart slutt med å bera vatn i trebøtter er ikkje så godt å seia frå om. Men det gjekk vel for seg i tida 1890-1900. Far fortel at det fyrst kom i handelen eit slag bøtter som var laga av ein slags tremasse eller kork. Dei var svært lette, men vara ikkje luge. Dei syntte det var høvt da to sinkbøttene kom, for dei var så lette. Trebøttene var svinge å bera



3  
vatn i, serley om vintereu, for da ha det  
seg så mykje is på bøttene, så dei vart  
mykje syngre.

2. Vassheuling i lagga kar med to örer, som  
ein stakk ein kystokk gjennom kan ikkje far  
segja å ha sett her i bygda eller granne bygdeu.  
Men det faus slike ~~kar~~ stampar med to örer,  
og dei vart kalla vass-så (ei). For at vat-  
net ikkje skulle skvalpe over, når ein bar  
vatn med vass-åk, brukte dei å leggja ein  
treballeken i kvar bötta. Vassåket vart og  
nytte til å bera mjölk frå küriöene og ütmarka.  
Eg kan og nemna at tuismauskoner frå Ova-  
kleiva, öst i Länke, brukte vassåket når dei gjekk  
til Skjördalshalsen med varer dei skulde selja (smör,  
ost, bar) og kjøp bar med seg andre matvarer heim.

Mormor mi, (döydde 1844, 80år) fortalde  
om "a farmor" at ho kvar haüst var ute  
i marka og plukka molter. Så koka ho  
moltgräut som ho hadde i trebötter, tok  
vassgräut på nakken og bar det dei 2 mil  
ned til bygda, til prestegarden på Värnes. Da  
ho kom inn i kjøkkenet og sette böttene og  
vassgräut frå seg på golvet, skulde preste-  
frua löfte på det. Men det var berre så  
vidt ho gride å lette böttene opp frå golvet.  
"Nei du Siri, du Siri" sa ho da.

3. Den fraktemåten som er nemnt, med  
eit vasskar på ei ski som ein sküver fram-  
far seg, kjenner ein ikkje til her.

4. Kven som bar eller ber vatn kan vel  
vera så ymse. För var det vel helst tenar-  
ane som bar vatnet på gardane, og på plass-  
ane var det kona, og üngane når dei



4

vart så pass store, for mannen måtte støtt vera borte. Korleis det er no der ein ikkje har innlagt vatn kan ein ikkje seija for visst, men det er vanleg-ast at den som har stellet i fjøret opå ber vatnet dit, og da blir det vel helst kvinn-folka.

5. Sesse metodane er enno i bruk her i bygda, helst på snøa bruk og plassar der ein ikkje har hest til vasskøyring.

6. I regnfattige tider er vasskøyring med slede eller vogn svært vanleg, der dei har hest.

Vintrene 46-47 ~~er~~ var <sup>det</sup> svært lite regn, og vasskøyringa stod på i månadsvis i trøndelag, mange metodar vart nytta, bering, kjøring med hest og bil, draging på kjelke, o. s. v.

7. I Gjørdal herad har vi eit kommunalt vassverk som forsyner "byen" Gjørdalshalsen og ein del av bygda med vatn. Sess-utau har mange gardar eigne vasskummar med innlagt springvatn, men det er og store skok der ein berre har brunnar, som t. d. dei feltgrenate skoka Hognesåmet og Prestuoen.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

adr. NORSK FOLKEMUSEUM

663

BYGDØY